

Møtebok for Kyrkjebø sokneråd

Møte i Kyrkjebø sokneråd tysdag 2.oktober 2018 kl. 19.00

Desse møtte : Audun Digranes, Irene Aase Aarseth, Anne Lise Ljotebø, Lisbeth Haugsbø, Jarle Berge, Leif Arne Fureli, Erlend Andre Høyvik Haugsbø, Runar Mastu-Li.

Desse hadde meldt forfall: Sturla Bell Fossen, Borgny Birkeland og Stine Iren Røyseth.

Kopi av møteboka går til: Reidar Knapstad, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Brekkhus, Toril Lange, Karin Grodås, postmottak Høyanger kommune.

Sakliste :

Innkalling og referat frå forgje møte vart godkjent.

Meldingssaker :

000028: Soknepresten har ordet.

Presten las sist sundags preiketekst og knytte litt det. Folket spurde kven var Jesus og kva hadde han å fare med ?

000029 : Rekneskapsrapporten.

Rekneskapsrapporten vart gjennomgått i møtet, og det viser bra innestående, her er det kome med dei pengane vi fekk i frå kommunen til bruk i jubileumsåret.

000030: Årshjul.

Her såg vi på dei komande aktivitetar. Toril skal ha kids-samling i **Vadheim 16.okt.** og 4-og 6års samling på **Kyrkjebø18,okt** og hadde kome med spørsmål om nokon kunne vere med. Irene vert med. Audun måtte sjekke kalendaren sin. På spørsmål om dekking av utgifter til bøker og anna som Toril brukar til utdeling, var det sjølvstakt at ho det skulle få både no og seinare. Det er difor vi har ofringar. Ungane får utdelt bøker **på hausttakkefest gudstenestene 21.okt.**

Det vart og stilt spørsmål om Runar hadde det han treng av utstyr og liknande til konfirmantundervisningstimane. Han og fekk beskjed om at det skal dekkast av sokneråd evt fellesråd. Han hadde ynskje om ein bærbar litt stor høgtalar.

18.okt. Salmekveld Kyrkjebø 19.00. Her skal vi lære nye salmar, som kjem på gudstenester i nær framtid. Gerda skulle spørre nokre som kan vere med å spele/ synge litt der.

25.okt. salmekveld Vadheim 19.15 Det gjeld det same her som Kyrkjebø, vi skal lære nye salmar. Her vart Leif Arne spurt om å delta , han måtte tenke på det. Det var og ynskjeleg at seniorkoret i Vadheim kunne vere med.

Runar snakkar med Gerda om salmevalg og liknade for begge kveldane.

Det er oppsett Lysmesse på Kyrkjebø 9.des , den må flyttast til sundagen før, pga ein stor konsert i Høyanger. **2.des kl.17.00 vert det lysmesse på Kyrkjebø** der konfirmantar frå både

Vadheim , Kyrkjebø og Høyanger deltar. Kanskje er det fleire som deltar der musikalsk og. Kyrkjekaffi.

000031: Førebuing til soknerådsval 2019

Kurs i Førde i januar. Litt usikkert kven kurset var for så det må vi komme tilbake til på neste møte. Ber folk merke seg datoen.

Vedtaksaker

Sak 029/18 Innspel til Fellesrådet sin investerings-og vedlikeholdsplan.

Mykje av det som har stått på programmet har no vorte gjennomført. Bra.

Kyrkjebø : Ynskjeleg med vogn til å trille kista på til gravplassen, kan til tider vere svært tungt å bære spesielt når grava er på indre gravplassen.

Kyrkjebø: Det er kome ynskje om gravplasshus/ utstyrhus til oppbevaring av plankane som brukast til gravene , bossdunkar , snøfresar med meir.

Vadheim : Her er det spørsmål om spesielt muren kan vente heilt til 2021 , er den trygg nok ? Leif Arne vil ta ei synfaring og vurdere kva som må ha hastetiltak og kva som kan vente til 2021 i morgon.

Audun legg dette fram for fellesrådet.

Sak 030/18 : Vidare planlegging av kyrkjejubileet i 2019

Nemda er godt i gang og har detalj planlagt opninga , historisk kveld 20.jan 2019 kl 17,00.

Spørsmålet er kor vidt det kjem nokon 50-årskonfirmantar til palmesundags gudstenesta. Dette sia dette er nytt av året. Der vert sendt ut invitasjon med påmelding over nyår. Opplegget for gudstjenesta går sin gang uavhengig av 50-årskonfemantane.

Økonomi: Her kom det som innspel at heftet bør koste meir enn det som pr i dag er førespeila for å få inn nok penge på det til å dekke trykkeri utgifter.

Det var og ynskjeleg med kontonummer som kan nyttast som gavekonto til jubileet. Dette må takast med i Helgestunder sitt julenummer, der skal og Helga Hjetland skrive noko om jubileumsåret.

Sak 031/ 18 Budsjett 2019 for Kyrkjebø soknråd.

Saka vert utsett til neste møte. Jubileet må inn i budsjettet og, så Audun set opp eit forslag til neste møte.

Sak 032 /18: Høyringsdokument ny Kyrkjelov.

Saka vert utsett til neste møte. Dei som ikkje har tilgang til data må få lovteksten tilsendt snarast for å få tid til å sette seg inni den. Resten finn lovteksten på nett.

Møtet slutt kl 21.00

Irene Aase Aarseth -ref.-